



Til elevar og føresette

## Hurtigtest av Covid-19

Vestland fylkeskommune er med i eit prosjekt der elevar og tilsette får tilbod om å gjennomføre hurtigtest for covid-19 to gonger per veke. Dette er eit tiltak for at elever skal kunne være mest mogleg til stades på skulen. Samtidig vil vi kunne finne personar som kan smitte andre på ein rask måte. Prosjektet tar sikte på å vare ut mai.

### Praktisk info

Det er frivillig å delta og ein kan når som helst trekke seg frå å delta. Testane blir gjennomført to gonger i veka. Alle vil få opplæring av helsepersonell om korleis testen skal gjerast. Sjølve testen utfører kvar og ein i klasserommet. Eit eige testteam på skulen lagar til test-kita og samlar inn testbrikkene for avlesing.

Dersom det berre er negative testar i ein klasse blir det ikkje gitt melding til klassen. Dersom ein eller fleire personar får positiv prøve får klasse melding om dette og det blir delt ut munnbind og hanskar til klassen. Ein og ein elev blir informert om dei skal i karantene, den (dei) som er smitta blir personleg informert, isolert på eige skjerma rom, til dei kan hentast av føresett og køyrast til teststasjon for ny test der.

For å ivareta personvern vil ein og ein i klassen få informasjon og bedt om å fortløpande gå frå skulen og i karantene. Den som har avlagt positiv test blir isolert på eige rom som er skjerma.

### Bakgrunn for prosjektet:

Regjering og kommunar kan sette i verk ulike tiltak for å hindre smittespredning i forbindelse med covid-19 pandemien. Tiltak som er satt i verk gjennom det siste året har medført at barn og unge i periodar har mista sosiale møteplassar, spesielt når skular har blitt stengt. Det er einigheit om at dette er vanskeleg for dei som er unge, og ein vil prøve ut metodar som gjer at skulen kan være opne når det er mykje smitte i samfunnet elles.

Ved å teste elever og tilsette to gonger pr veke vil ein redusere risikoen for spredning. Samtidig får elevane ved skulen ein meir stabil opplæring ved at skulen kan være open. I Norge er det stor interesse for å forsøke en slik tilnærming for vidaregåande skular, og gjennom det bidra til at tiltaksbyrden for ungdom blir mindre. Det vil ikkje bli ført nokon form for registrering eller journalføring av kven som er testa, men positive prøvesvar vil bli kontrollert og dokumentert gjennom innsending av test til laboratorium frå kommunal teststasjon.